



Landbruksdepartementet
postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
13/566-15/K2-V00//ABOL

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 28.01.2014

HØYRING: FORSLAG OM Å OPPHEVE BESTEMMELSEN OM PRISKONTROLL I KONSESJONSLOVA

Viser til høyringsbrev av 04.12.13 med framlegg om å oppheve 9 1.ledd i konsesjonslova av 28.nov 2003 nr 98 som krev at der ved avgjerd av ein konsesjonssøknad skal leggjast særleg vekt på om den avtalte kjøpesum tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling på landbrukseigedomar.

Høyringsbrevet legg opp til at der ikkje lenger skal vere lovlig å vurdere avtalt pris inn i vurderinga om der skal gjevast konsesjon på kjøpet av landbrukseigedom.

Rekruttering av aktiv ungdom inn i landbruket er eit aukande problem, den aktive bonden blir stadig eldre.

Her er godt kvalifiserte ungdomar som ynskjer seg ei framtidig yrke i landbruket og som har utdanning og motivasjon. Dei manglar kapital og når ikkje opp i bodrunden på gardsbruk mot eldre, meir kapitalsterke kjøparar.

Vi treng desse ungdomane inn i landbruket.

Priskontrollen på landbrukseigedomar med utgangspunkt i avkastningsverdien av jord og skog og kostnadsverdi av bygningar ved konsesjon er eit godt verkemiddel til å halde prisen nede, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling til beste for dei som har sitt yrke i landbruket, og for dei som vil inn i landbruket for å byggje og drive aktivt landbruk.

Frislepp av pris vil stengje desse ungdomane ute.

Slike samfunnsinteresser av større vekt tilseier at priskontrollen på landbrukseigedomar bør vidareførast for å rekruttere aktive bønder inn i næringa.

Behald priskontrollen på landbrukseigedomar som verkemiddel for å rekruttere aktive ungdomar inn i landbruksnæringa.

Med helsing

Annlaug Bolstad
Jordbrukssjef